

REGULERINGSFØRESEGNER
DETALJREGULERING FOR FV123
PARKERING OG ANLEGG PÅ HOLDHUS

Gnr. 48, bnr. 1 m/fl.
FUSA KOMMUNE

PLANID: 1241201711
Dato: 01.03.2019
Plankart etter PBL §12-5
Vedtekter etter PBL §12-7

1. FELLESFØRESEGNER (PBL § 12-7)

1.1 Byggjegrense (pbl § 12-7 nr 2)

- 1.1.1 Byggjegrense og formålsgrense for vegutviding er identisk (veg + anna veggrunn).
- 1.1.2 Utanfor vegformåla ligg eit 3 m breitt midlertidig drift og anleggsområde i LNF område. Dette området skal rettast tilbake til LNF samtidig med oppussing av vegskråning.
- 1.1.3 Regulert støttemur kan byggast i formålsgrense som vist i plankart.

1.2. Handsaming av massar (pbl § 12-7 nr 3)

- 1.2.1 Ved søknad om større tiltak eller ved tiltak som medfører om disponering av matjord skal det utarbeidast plan for handsaming av massar for det relevante området. Planen skal vise både disponering av staeigne massar, deponering av overskotsmassar, gjenbruk av matjord og trong for til køyrde massar. Planen skal liggje ved søknad om løyve til tiltak.

1.3 Rekkeføljekrav (pbl § 12-7 nr 10)

- 1.3.1 Anlegg for vatn, avlaup og overvatn skal vere ferdigstilt, i samsvar med VA-rammeplan, før det vert gjeve ferdigattest/bruksløyve for byggverk.
- 1.3.2 Parkeringsplassar skal vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/bruksløyve for parkeringsområde ved kyrkja og ved skulen, kvar for seg.

FØRESEGNER FOR AREALFORMÅL

2 BYGG OG ANLEGG (PBL § 12-5 nr 1)

2.1 Fritid og turist føremål

- 2.1.1 o_BFT1 er område for fritids- og turistformål.
Arealet skal nyttast til servicebygg med toalettanlegg i samband med Holdhus kyrkje.
Maks grunnflate maks BYA = 50m²
Maks mønehøgde: 5 m frå gjennomsnitt planert terreng.
Byggegrense i formålsgrense

2.2 Kombinert byggje- og anleggsformål

- 2.2.1 f_BKB1 og f_BKB2 er areal for kombinert byggje og anleggsføremål. Områda kan nyttast til føremål med allmenn tilgang, også offentlege føremål, der blant;
- Offentleg eller privat tenesteyting med alle underformål
 - Idrettsanlegg med underformål med unntak av motorsportsanlegg.

Maks mønehøgde frå snitt planert terreng : 12 m.

For f_BKB1 er %BYA 35% utan parkering.

For f_BKB2 er %BYA 25% utan parkering.

Byggegrense mot FV48 er 30 meter frå senterlinje veg. For tiltak på eksisterande bygg er byggegrensa 25 meter. Byggegrense mot parkering SPA3 er 1 meter.

Det er ingen byggegrense mellom f_BKB1 og f_BKB2. Bygga kan her settast saman.

2.3 Idrettsanlegg

- 2.3.1 f_BIA1 og f_BIA2 er område for idrettsanlegg. Areala er allment tilgjengelege men drifta av dei til kvar tid gjeldande aktørane med rettigheter i bygg eller areal f_BKB1, f_BKB2, f_BIA1 og f_BIA2. Mindre bygg til drift av idrettsanlegg er tillat oppført.

2.4 Energianlegg

- 2.4.1 BE1 og BE2 er område for energianlegg. Anlegga er eksisterande straumforsyningsanlegg. Naudsynte tiltak for energiforsyning er tillat. Byggegrense i formålsgrense.

2.5 Renovasjon

- 2.5.1 BRE er område satt av til renovasjon. O_BRE1 er område for offentleg renovasjon, der av hytterrenovasjon og behaldar for glas og metall. f_BRE2 er område satt av til renovasjon for aktivitet og brukare av f_BIA1 og f_BIA2.

3. SAMFERDSEL OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 nr 2)

3.1 VEGAR

- 3.1.1 o_SKV1 er FV48. Vegen er forkøyrsvog med fartsgrense 60km/t
- 3.1.2 o_SKV2 er FV123. Vegen er forkøyrsvog i planområdet og har dimensjonerande hastigheit 50km/t. Vegbreidde 6 meter med breiddeutviding i kurver.
- 3.1.3 o_SKV3 er avkøyring frå kommunal veg Kv1203.
- 3.1.4 o_SKV4 er kommunal veg Kv1207. Veg regulert med 4 meter breidde. Dimensjonerande hastigheit 50km/t.
- 3.1.5 o_SKV5 er avkøyring til parkeringsplass SPA3
- 3.1.6 o_SKV6 er haldeplass og snuplass for buss.
- 3.1.7 o_SKV7 er snuplass for buss ved Holdhus gamle kyrkje. Arealet kan også nyttast til parkering ved tilstellingar i kyrkja.
- 3.1.8 SV 1-10 er private avkøyringar til offentleg veg.
- 3.1.9 o_SV11 er avkøyring frå kommunal veg til Hålandsdal leirskule til kommunal veg KV1207 Hammarlandsvegen

3.2 Parkering

- 3.2.1 Parkeringsplassar o_SPA1. Parkering langs kommunal veg for brukare av Holdhus gamle kyrkje og skulemuseum. Dimensjonert for 3 busser.
- 3.2.2 Parkeringsplassar o_SPA2 er satt av plass til å parkere når ein skal levere avfall på o_BRE1.
- 3.2.3 Parkeringsplassar f_SPA3. Parkering for skule, barnehage, idrettsanlegg samt parkering som kollektivreisande og samkøyrande. Parkeringsplass skal være oppmerka. Det skal settast av minimum 3 HC plassar. Plassen er også tilkomst til f_BKB2.

3.3 Annan veggrunn

- 3.3.1 Annan veggrunn – teknisk anlegg, o_SVT1 er areal rundt renovasjonsanlegg og energianlegg samt del av busshaldeplass langs RV48. Naudsynt tiltak for desse formåla er tillat.
- 3.3.2 Annan veggrunn – grøntareal, o_SVG. Er sideareal til veg. Naudsynt grøfter, fylling /skjæring, støttemurar samt veglys rekkverk og skilt er tillat.
- 3.3.3 o_SVG7 skal også fungere som gangareal til skulemuseum.

3.4 Fortau

- 3.4.1 Område o_SF er areal for fortau med breidde 2,0m + 0,5 meter.. Fortau skal være opphøgd og med avvisande kantstein. Avslutningar/overgangar skal ha universell utforming.
Ved o_SPA2 skal fortau ikkje være opphøgd men ha nedsenka kantstein langs veg.
Ved tilrettelagt kryssing av FV121 frå o_SF3 til o_SF2 skal kantstein være nedsenka eller veg opphøgd.

4. GRØNTSTRUKTUR (PBL § 12-5. nr 3)

4.1 Turveg

- 4.1.1 Område o_GT1 er turveg som skal være tilkomstveg til Holdhus gamle kyrkje frå Servicebygg og parkering. Turvegen skal være gruslagt og leggst skånsamt i terrenget og ha maks bruksbreidde på 1,5 meter. Infiltrasjon frå avløp frå o_BFT1 kan etablerast i grunnen.

4.2 Park

- 4.2.1 Område o_GP skal være areal i samanheng med servicebygg. Deler av areal skal ha gangvegfunksjon og deler skal kunne etablerast med sittebenker og bord.

5. LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE (pbl 12-5.nr 5)

5.1 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk.

- 4.1.1 Landbruksformål L. Område L i plan er sideområde til vegareal der midlertidige tiltak for rigg og anlegg kan etablerast i samanheng med bygging av veg og fortau. Område er avsett med 3 m breidde. Den delen av området som er teke i bruk ved vegutviding, skal stellast og såast saman med ferdigarronding av vegen.

5.2 LNFR formål kombinert med andre hovudformål

- 5.2.1 område LAA1 er LNF områdes om kan kombinerast med fritid og idrett. Tiltak som tilrettelegging av leik, akebakke, hoppbakke eller liknande er tillat. Tiltak skal ikkje medføre større terrenginngrep.

6. OMSYNSSONER (PBL §12-6)

6.1 Omsynssone frisikt

- 6.1.1 H140 Frisiktsone. Ingen tiltak som hindrar fri sikt i ei høgd over 0,5meter over tilgrensande veg er tillat.

6.2 Omsynssone støy

- 6.2.1 H210 Raud sone etter rundskriv T-1442, Ingen bygg for varig opphald skal etablerast i sona.
- 6.2.2 H220 Gul sone etter rundskriv T-1442. Ved tiltak skal T-1442 nyttast til vurdering av tiltaket.

5.3 Omsynssone høgspenning

- 5.3.1 H370 Høgspenningsanlegg (inkludert høgspenningskablar).

7. Bestemmelseområder (PBL §12-7)

7.1 Midlertidig bygge- og anleggsområde

- 7.1.1 Område # er midlertidig anleggsområde ved utviding av veg jf. punkt 4.1.1

Eikelandsosen 05.05.2019